



Kaland Trelast AS  
Keilevegen 45  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3156 - 14/17303

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
11.11.2014

## Godkjenning - oppføring av garasje på gbnr 1/371.

**Administrativt vedtak. Saknr: 325/2014**

**Tiltakshavar:** Kjell Gunnar Fjellanger  
**Ansvarleg søkjar:** Kaland Trelast AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### **Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 30.10.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av garasje på gbnr 1/371 på Flatøy.

### **Vurdering:**

#### Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Flatøy sør/aust - planid 12561997105 - regulert til bustadområde.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 01.07.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 30.10.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4. Eigar av gbnr 1/370 har i naboerklæring d. 18.05.2014 samtykka i at garasje kan plasserast i grenseline mellom gbnr 1/370 og 1/371.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Parkering og utandørs opphaldsareal:

I reguleringsplan for Flatøy sør/aust er TU sett til 25 %, jf føresegnene § 3 d.

Meland kommune har i delegert vedtak 301/2014 gitt dispensasjon frå reguleringsføresegnene § 3 d for omsøkt garasje.

Planløyising og utsjånad.

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Ansvarsrettar:

| <b>Føretak</b>   | <b>Godkjenningsområde</b>          |
|--|------------------------------------|
| Kaland Trelast AS<br>Org.nr 945549483<br>Sentral godkjenning | SØK, PRO, UTF, KTR<br>Tiltakskl 1. |

VEDTAK:

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til bygging av garasje på gbnr 1/371 i samsvar med søknad motteke 30.10.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 30.10.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minsteavstand til nabogrense i samsvar med naboerklæring frå eigar av gbnr 1/370.

Ansvarsrettar vert godkjend som omsøkt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

FAKTURAVEDLEGG 1-371  
1-371 godkjende teikningar, kart

### **Kopi til:**

|                         |            |      |          |
|-------------------------|------------|------|----------|
| Kjell Gunnar Fjellanger | Høgdene 10 | 5918 | FREKHAUG |
|-------------------------|------------|------|----------|

### **Mottakere:**

|                   |               |      |        |
|-------------------|---------------|------|--------|
| Kaland Trelast AS | Keilevegen 45 | 5953 | FONNES |
|-------------------|---------------|------|--------|